

Eksamen

23.11.2018

HEA2003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Helsearbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir vektlagt i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte kva profesjonell yrkesutøving inneber for helsefagarbeidaren.• Diskutere betydinga av tverrfagleg samarbeid og eit heilskapleg pasientforløp.• Forklare kva brukarmedverking inneber og vise til relevant regelverk.

Oppgåve

Situasjonsskildring:

Kari har vore innlagt på sjukehus ei tid etter hjerneslag. Kari har fått tilbake noko av førigheita i armen og beinet, men har framleis store utfordringar med balansen og styrken i armen. Ho er ferdig behandla på sjukehuset, og skal no bli overført til heimkommunen sin for eit 3 veker langt rehabiliteringsopphald på korttidsavdelinga på sjukeheimen.

Kari er 64 år, og håpar å komme tilbake til jobben sin som helsesekretær på det kommunale helsesenteret i byen. Ho har forståing for at opptreninga kan ta tid, og at det kan bli behov for tilrettelegging på arbeidsplassen.

Du er helsefagarbeidar på rehabiliteringsavdelinga på sjukeheimen, og skal vere med i det tverrfaglege teamet som skal samarbeide med Kari.

- a. Kva betyr det å vere profesjonell?
- b. Drøft kva profesjonell yrkesutøving inneber i møte med Kari.
- c. Grunngje kven det er naturleg for deg å samarbeide med før og under rehabiliteringsopphaldet til Kari.
- d. Diskuter betydinga av tverrfagleg samarbeid for at Kari skal oppleve eit helskapleg pasientforløp.
- e. Forklar kva brukarmedverking inneber for Kari.
- f. Forklar kva for eit regelverk det er relevant å vise til i samband med dette.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren.• Diskutere betydningen av tverrfaglig samarbeid og helhetlig pasientforløp.• Forklare hva brukarmedvirkning innebærer og viser til relevante regelverk.

Oppgave

Situasjonsbeskrivelse:

Kari har vært innlagt på sykehus en tid etter hjerneslag. Kari har fått tilbake noe av førligheten i armen og beinet, men har fremdeles store utfordringer med balansen og styrken i armen. Hun er ferdig behandlet på sykehuset, og skal nå overføres til sin hjemkommune for et 3-ukers rehabiliteringsopphold på sykehjemmets korttidsavdeling.

Kari er 64 år, og håper å komme tilbake til jobben sin som helsesekretær på det kommunale helsesenteret i byen. Hun har forståelse for at opptreningen kan ta tid, og at det kan bli behov for tilrettelegging på arbeidsplassen.

Du er helsefagarbeider på sykehjemmets rehabiliteringsavdeling, og skal være med i det tverrfaglige teamet som skal samarbeide med Kari.

- a. Hva betyr det å være profesjonell?
- b. Drøft hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer i møte med Kari.
- c. Begrunn hvem det er naturlig for deg å samarbeide med før og under rehabiliteringsoppholdet til Kari.
- d. Diskuter betydningen av tverrfaglig samarbeid for at Kari skal oppleve et helhetlig pasientforløp.
- e. Forklar hva brukermedvirkning innebærer for Kari.
- f. Forklar hvilket regelverk det er relevant å vise til i forbindelse med dette.



www.vigoiks.no/eksamen